



## Høgskolen i Telemark

### EKSAMEN

**4215 MILJØRETT OG FORVALTNING**

**10**  
**06.12.2008**

**Tid:** 09:00-14:00

**Målform:** Bokmål/Nynorsk

**Sidetal:** 3 (inkludert forsiden)

**Hjelpemiddel:** NORGES LOVER, eller utskrift av lover/forskrifter

**Merknader:** Ingen

**Vedlegg:** Ingen

**Eksamensresultata blir offentliggjort på studentweb.**

## Nynorsk

### Oppgåve 1

Det finst ei rekkje internasjonale miljøavtaler som Noreg har ratifisert, bl.a. Washington-konvensjonen (CITES), Ramsar-konvensjonen og Langtransportkonvensjon (LRTAP-konvensjonen).

- a) Kva for hovudformål har desse 3 konvensjonane
- b) Vi seier ofte at eit visst tal land har **signert** ei avtale, mens ikkje alle nødvendigvis har **ratifisert** den. Kva er hovudforskjellen mellom desse omgrepa?

### Oppgåve 2

Det finst ei rekkje lover for å sikre menneskje og natur mot ulike typar forureining.

- a) Kva for lov har som formål å verne det ytre miljøet mot forureining, og kva for lov har som hovudformål å verne oss mot forureining frå ulike lausøyregjenstandar/produkt ?
- b) Bø kommunestyre vedtek ei forskrift om forbod mot omsetnad av fosfat i fiskefilet, med tilvising til produktkontrollova §4, 1. ledd bokstav c. Har Bø kommune personell kompetanse til å vedta ei slik forskrift?
- c) I fall Bø kommune ikkje har slik kompetanse, kven kan da treffe eit slikt vedtak?

### Oppgåve 3

Kjemibedrifta Syreprodusenten AS har søkt Klima og forureiningsdirektoratet (Klif) om utsleppsløyve til luft i forbindelse med si nyetablering på Grivimoen, Bø kommune. Bedrifta får ei slik løyve, jf. forureiningslova § 11, med fastlagde maksimalgrenser for utslepp av svovelsyre og saltsyre til luft. Det er mange som ønskjer å klage på et slikt vedtak:

- Syrekompaniet AS i Sandvika som har strengare utsleppskrav i sin konsesjon.
  - 10 naboar til Syreprodusenten AS på Grivimoen
  - Skogeigarforeininga i Nome kommune ( nabokommunen til Bø), som meiner dette vil kunne skade skogen i kommunen, og difor krev strengare utsleppskrav
  - Ei skoleklasse på Bø ungdomskole, som har hatt temaveke om miljø og difor ønskjer strengare utsleppskrav
  - Natur og Ungdom sitt lokallag i Bø som ønskjer strengare utsleppskrav
  - Fagforeininga ved Syreprodusenten AS, som meiner at krava er for strenge slik dei er, og at dei investeringane som må til m.o.t. reinseteknologi vil setje deira arbeidsplassar i fare.
- a) Bedrifta er sjølv part i saka og kan påklage vedtaket. Kven av dei ovanfor nemnde 6 rettssubjekta har lovfesta klagetilgjenge, og kva for ei lov og kva for paragraf(ar) er dette klagetilgjenget lovfesta i?
  - b) Kven av dei ovanfor nemnde 6 rettssubjekta har rettsleg klageinteresse basert på rettspraksis?

- c) Kven av dei ovanfor nemnde 6 rettssubjekta meiner du ikkje har tilgjenge til å påklage vedtaket, dvs. er utan rettsleg klageinteresse?

#### **Oppgåve 4**

Hans Bile har hogd 350 m<sup>3</sup> med gran og furu over eit samla areal på 60 dekar, i eit barskogsreservat på eigen eigedom. For å få tømmeret fram til veg har han først slept dette over ein liten innsjø som er < 1 km<sup>2</sup> i areal. Båten som vart nytta til slepet, hadde elektrisk påhengsmotor. Frå den andre sida av innsjøen blei tømmeret frakta ned til veg med eit 4-hjulsdreve terrengkjøretøy (ATV).

- a) Kva for lover og lovparagrafar har Hans Bile brote?
- b) I skogen blei det bl.a. funne eit par sjeldne lavartar som er kategorisert som nær trua på raudlista. Vurder om Hans Bile burde vore tiltalt etter Generalklausulen om Miljøkriminalitet (Straffel. §152b), og om han burde vore skuldig i lovbrøt av både Strl. §152b, tredje ledd nr. 1, og tredje ledd nr. 2.
- c) Vurder også moglegheitene for inndraging av gjenstandar og eventuelt kor i straffelova ei slik inndragningsmoglegheit er heimla.



## Høgskolen i Telemark

### EKSAMEN

**4215 MILJØRETT OG FORVALTNING**

**06.12.2008**

Tid: 09:00-14:00

Målform: Bokmål/Nynorsk

Sidetal: 3 (inkludert forsiden)

Hjelpemiddel: NORGES LOVER, eller utskrift av lover/forskrifter

Merknader: Ingen

Vedlegg: Ingen

Eksamensresultata blir offentliggjort på studentweb.

## Bokmål

### Oppgave 1

Det finnes en rekke internasjonale miljøavtaler som Norge har ratifisert, bla Washington-konvensjonen (CITES), Ramsar-konvensjonen og Langtransportkonvensjon (LRTAP-konvensjonen).

- Hvilke hovedformål har disse 3 konvensjonene
- Vi sier ofte at et visst antall land har **signert** en avtale, mens ikke alle nødvendigvis har ratifisert den. Hva er hovedforskjellen mellom disse begrepene?

### Oppgave 2

Det finnes en rekke lover for å sikre mennesker og natur mot ulike typer forurensinger.

- Hvilken lov har som formål å beskytte det ytre miljø mot forurensning og hvilken lov har som hovedformål å beskytte oss mot forurensning fra ulike løseøregjenstander/produkter?
- Bø kommunestyret vedtar en forskrift om forbud mot omsetning av fosfat i fiskefilet, med henvisning til produktkontrollloven § 4, 1. ledd bokstav c. Har Bø kommune personell kompetanse til å vedta en slik forskrift?
- I fall Bø kommune ikke har slik kompetanse hvem kan da treffe et slikt vedtak?

### Oppgave 3

Kjemibedriften Syreprodusenten AS har søkt Klima og forurensningsdirektoratet (KLIF) om utslippstillatelse til luft i forbindelse med sin nyetablering på Grivimoen, Bø kommune. Bedriften får en slik tillatelse jfr. forurensningslovens § 11, med fastlagte maksimalgrenser for utslipp av svovelsyre og saltsyre til luft. Det er mange som ønsker å klage på et slikt vedtak:

- Syrekompagniet AS i Sandvika som har strengere utslippskrav i sin konsesjon.
  - 10 naboer til Syreprodusenten AS på Grivimoen
  - Skogeierforeningen i Nome kommune (nabokommunen til Bø), som mener dette vil kunne skade skogen i kommunen, og derfor krever strengere utslippskrav
  - En skoleklasse på Bø ungdomskole, som har hatt temaer om miljø og derfor ønsker strengere utslippskrav
  - Natur og Ungdom sitt lokallag i Bø som ønsker strengere utslippskrav
  - Fagforeningen ved Syreprodusenten AS, som mener at kravene er for strenge slik de er, og at de investeringene som må til mht renseteknologi vil sette deres arbeidsplasser i fare.
- Bedriften er selv part i saken og kan påklage vedtaket. Hvilke av de ovenfor nevnte 6 rettssubjekt har lovfestet klageadgang, og hvilken lov og hvilke paragrafer er denne klageadgangen lovfestet i?
  - Hvilke av de ovenfor nevnte 6 rettssubjekt har rettslig klageinteresse basert på rettspraksis?
  - Hvem av de ovenfor nevnte 6 rettssubjekt mener du ikke har adgang til å påklage vedtaket, dvs. er uten rettslig klageinteresse?

## Oppgave 4

Hans Bile har hogd 350 m<sup>3</sup> med gran og furu over et samlet areal på 60 dekar, i et barskogreservat på egen eiendom. For å få tømmeret fram til vei, har han først slept dette over en liten innsjø som er < 1 km<sup>2</sup> i areal. Båten som ble benyttet til slepet hadde elektrisk påhengsmotor. Fra den andre siden av innsjøen ble tømmeret fraktet ned til vei med et 4-hjulsdrevet terrengkjøretøy (ATV).

- a) Hvilke lover og hvilke paragrafer har Hans Bile overtrådt?
- b) I skogen ble det bl.a. funnet et par sjeldne lavararter som er kategorisert som nær truet på rødlista. Vurder om Hans Bile burde vært tiltalt etter Generalklausulen om Miljøkriminalitet (Straffel. § 152b), og om han burde være skyldig i overtredelse av både Strl. § 152b, tredje ledd nr. 1, og tredje ledd nr. 2.
- c) Vurder også muligheter for inndragning av gjenstander og eventuelt hvor i straffeloven en slik inndragningsmulighet er hjemlet.